



Arkivnr: 2014/558-212

Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		28.09.2016

Budsjett 2017 - for Hordaland fylkeskommune og for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Samandrag

Fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett 2017 for Hordaland fylkeskommune er planlagd å vere ferdig til veke 42. Så kjem det til politisk handsaming i dei faste utvala (KIRU, MISA og OPHE), fylkesutvalet og vert endeleg vedteke i fylkestinget i desember. I budsjettforslaget ligg forslag til budsjett for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF), samt alle dei sakane som RMNF jobbar for og med.

RMNF har for 2016 fått tildelt 400 000 kr i budsjettet til Hordaland fylkeskommune. Kva som vert tildelt for 2017 vert lagt fram som eit forslag frå fylkesrådmannen i oktober og vert vedteke av fylkestinget i desember.

RMNF må ta stilling til kva aktivitetar som skal skje i 2017. Dersom desse aktivitetane inneber trøng for auke i tildelte midlar, kan dette formidlas til administrasjonen ved økonomi- og organisasjonsavdelinga. Det same gjeld for dei områda som RMNF jobbar med. Dersom det er noko som krev auka midlar eller ressursar, må ein gjere administrasjonen merksam på dette slik at dei har moglegheit til å gjere auke i budsjettet. Administrasjonen vil så sjå på moglegheiter for eventuell auke. Endeleg avgjerd vert å finne i utkast til budsjett som vert presentert i oktober.

Sjølv om dei ønskja RMNF har ikkje vert teke høgde for i forslaget som vert fremja av fylkesrådmannen i oktober er det framleis moglegheit for å få til ei endring. Då må ein kontakte politikarar direkte eller ved å sende ei uttale til budsjettet til dei politiske utvala og fylkestinget. Dette bør ein gjere så tidleg som mogleg og gjerne ha eit utkast til allereie før ein veit kva forslaget frå fylkesrådmannen inneber. Det er kort tid frå budsjettet vert lagt fram til politikarane skal gjere vedtak i saka.

RMNF har møte 2. november. Då vert leiar for budsjettarbeidet invitert slik at de får ein gjennomgang av budsjettet og kan stille spørsmål.

Forslag til førebels budsjett 2017 for RMNF frå administrasjonen vert utarbeida på bakgrunn av ønskja aktivitetar og forslag til tildeling frå fylkesrådmannen. Saka om førebels budsjett 2017 for RMNF vert derfor tidlegast fremja til november-møtet.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan innstilling.

Bertil Søfteland
leiar

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.